



**OFFENTLEG MØTEBOK**

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Nordfjardeid - Eid Rådhus</b>
<b>Møtedato</b>	<b>25.01.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>11.00 – 16.15</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Varamedlemer til stades:**

**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Jakob André Sandal, SV**  
**Marita Gunn Aarvik, FrP**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebøker frå 5. og 6. desember 2016 vart godkjende utan merknader.

Fylkesutvalet handsama først dokument 1a og 1b i sak 8/16. Deretter vart sak 9/16 handsama. Resten av sakene vart handsama i den rekkjefølgja som framgår under.

**Munnlege orienteringar:**

1. Advokatfirmaet Lund & Co, v/advokatane Caroline Lund, Per Andreas Bjørgan og Mari Kjellevoid Brygfeld, orienterte nærmare om dokument 1a og 1b i sak 8/16. Presentasjonen deira er journalført i ESA 16/3230-31. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 fjerde ledd.

2. Sogn og Fjordane Energi AS, v/styreleiar Per Atle Kjøllesdal, konserndirektør økonomi Martin Holvik og konserndirektør produksjon Ola Lingaas, gav ei orientering i tilknytning til sak 9/16. Presentasjonen deira er journalført i ESA 17/171-8. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2.



3. Eid kommune, v/ordfører Alfred Bjørlo og rådmann Åslaug Krogsæter, presenterte seg. Fylkesutvalet var i Sagaparken for å synfare bygginga av modellen av Myklebustskipet.

Aleksander Øren Heen fekk permisjon kl 16.10 og deltok ikkje ved handsaming av dokumenta 2, a), b) og c), og 7 til og med 14 i sak 8/17.

### **SAK 1/17                    Lærdal og Vik - kommunale planstrategiar 2016 - 2020.**

#### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet støttar vurderingane av utfordringar som er gjort i dei kommunale planstrategiane for Lærdal og Vik kommunar.
2. Regional planstrategi bør likevel leggast sterkare til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.
3. Kommunane bør også i større grad drøfte kva det skal innebære å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

-----

### **SAK 2/17                    Høyring - forslag til endringer i vannressursloven og jordlova**

#### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i hovudtrekk departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og jordlova slik det går fram av høyringsbrev av 02.12.16 frå Olje- og energidepartementet m/vedlegg.
2. Det vert likevel rådd frå å overføre vedtaksmynde og sakshandsaminga for mindre vasskraftsaker til kommunane, slik som det er føreslått høyringsbrevet. Overføring av vedtaksmynde i slike saker til kommunane vil vere ei bagatellmessig overføring av makt til lokalt nivå, samstundes som Norges vassdrags- og energidirektorat har gode faglege innvendingar.

#### **Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slike framlegg:

Endra punkt 2:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at kommunane får avgjerdsmynde og sakshandsaminga i mindre vasskraftsaker inntil 1MW.

Nytt punkt:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner og at større vasskraftsaker bør avgjerast på regionalt nivå, og ber departementet koma attende til det.

#### **Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.



Åshild Kjelsnes, Helen Hjertaas og Jakob André Sandal røysta for fylkesrådmannen sitt framlegg til pkt. 2, medan Jenny Følling, Aleksander Øren Heen, Karen Marie Hjelmeseter, Gunhild Berge Stang, Marita Aarvik og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Senterpartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet.

Framlegget om nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i hovudtrekk departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og jordlova, slik det går fram av høyringsbrev av 02.12.16 frå Olje- og energidepartementet m/vedlegg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at kommunane får avgjerdsmynde og sakshandsaminga i mindre vasskraftsaker inntil 1MW.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner og at større vasskraftsaker bør avgjerast på regionalt nivå, og ber departementet koma attende til det.

**SAK 3/17                      Planprogram til Regional plan for klima og miljø - godkjenning**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek planprogram for Regional plan for klimaomstilling (vedlegg 1) med dei endringane som er vist i punkt 4 i saksframstillinga, jf. Plan- og bygningslova § 4.1. Planprogrammet vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planen.

**SAK 4/17                      Omklassifisering av eksisterande E16 frå europaveg til kommunal veg i samband med bygging av ny E16, fråsegn på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at dagens E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune vert omklassifisert til kommunal veg når ny tunnel på E16 vert opna – då på følgjande vilkår:

- 1 Statens vegvesen kan akseptere at delar av den aktuelle strekninga med tilhøyrande tunnelar kan bli stengde ved ei omklassifisering og at denne strekninga dermed ikkje kan nyttast i ein beredskapssituasjon.
- 2 Statens vegvesen må sikre tilkomst til den verna riksvegen (Stalheimskleiva).

**Endringsframlegg:**



**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg:

Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.

Fylkesutvalet viser til at vegen er hovudsamband aust-vest og at strekninga ikkje har reelle omkøyringsvegar. Vegen bør difor haldast open i beredskapssamanheng.

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt framlegg kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.

Fylkesutvalet viser til at vegen er hovudsamband aust-vest og at strekninga ikkje har reelle omkøyringsvegar. Vegen bør difor haldast open i beredskapssamanheng.

**SAK 5/17**

**Søknad om kommersialisering av NW 162 Lillehammer-Bergen - høyring**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen merknader til at AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap kommersialiserer Øst-Vest Xpressen frå 19.06.17 og gjev den namnet Valdresekspressen.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at Valdresekspressen vert omfatta av ordninga med delvis kostnadskompensasjon for fylkesinterne reiser i Sogn og Fjordane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om å tilpasse rutetidene til det øvrige rutetilbodet i fylket.

**SAK 6/17**

**Sogneprodukt AS - fusjon**

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet er i utgangspunktet positive til fusjonen mellom Sogneprodukt AS, Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS. Eigarutsendinga til selskapet får fullmakt til å ta endeleg stilling til spørsmålet om fusjon, på bakgrunn av fusjonsplanen med vedlegg, samt rapport og utgreiing om



fusjonen utarbeida av styret i selskapet. For at fylkeskommunen si eigarutskending skal stemme for fusjonen stiller fylkesutvalet som krav at:

- fylkeskommunen sit igjen med like verdiar som før fusjonen, og at revisor i samsvar med aksjelova § 13-10 stadfestar at vederlaget til aksjeeigarane er rimeleg og sakleg grunngeve.
- utbytteforbodet framleis gjeld etter fusjonen.
- fylkeskommunen kan nytte selskapet sitt tilbod om tilrettelagt fagopplæring til ungdom som før.
- fusjonsplan, rapport og utgreiing som styra utarbeider syner at fusjonen medfører positive konsekvensar for selskapa og eigarane.

-----

**SAK 7/17**

**Fylkeskommunal eigarutøving 2017: Utpeiking av styre i F1 Holding AS**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet frittek Jan Øhlckers frå vervet som medlem og leiar av styret i F1 Holding AS.
2. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styremedlem til F1 Holding AS for resten av perioden Jan Øhlckers er valt, dvs. ut valperioden 2015-2019:
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styreleiar i F1 Holding AS for resten av same valperiode:
4. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til ny styremedlem og styreleiar: Aleksander Øren Heen

**Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesrådmannen og framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet frittek Jan Øhlckers frå vervet som medlem og leiar av styret i F1 Holding AS.
2. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styremedlem til F1 Holding AS for resten av perioden Jan Øhlckers er valt, dvs. ut valperioden 2015-2019: Aleksander Øren Heen
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styreleiar i F1 Holding AS for resten av same valperiode: Aleksander Øren Heen.
4. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.

-----

**SAK 8/17**

**Skriv og meldingar fylkesutvalet 25. januar 2017.**



**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1a og b: SFE Eigarforvaltning  
*Ikkje off - Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument*
- 2a, b og c: Oppfølging av Gjøa-avtalen, jf. FU-sak 139/16  
*Ikkje off - Ofl § 23, 1. ledd, økonomi-, løn- og personalforvaltning*
- 3: Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin i Movika
- 4: Vitensenter - Sogn og Fjordane
- 5: Notat: NORA- Nordisk Atlanterhavssamarbeid
- 6a: Europeisk samarbeid - mogelege arenaer og finansieringskjelder
- 6b: Rapport til UD om fylka sitt europeiske arbeid
- 7: Stortingsvalet 2017 - orientering om arbeidet til fylkesvalstyret
- 8: Krav til naudnett i fylkesvegtunnelar
- 9: Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 2016
- 10a: Referat 1-16 frå møte i styringsgruppa for Førdepakken
- 10b: Referat 2-16 frå møte i styringsgruppa for Førdepakken
- 10c: Referat 3-16 frå møte i styringsgruppa for Førdepakken
- 11: Høgskulen på Vestlandet
- 12: Omorganisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane
- 13: Fylkesrådmannsutvalet og fylkesordførar- /rådskollegiet: Vidare arbeid med det regionale og lokale vassforvaltningsarbeidet
- 14a: Fylkeskommunalt tilskot til reisemålselskapa i Sogn og Fjordane - fråsegn om fordeling av tilskot
- 14b: Melding om vedtak i sak 31 - 16 - Fylkeskommunalt tilskot til reisemålselskapa i Sogn og Fjordane - fråsegn om fordeling av tilskot.doc

**SAK 9/17**

**SFE-eigarskapen**

*Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument*